

Sakspapir

Halvårsmøte i Studentmållaget i Oslo

Tysdag 18. september 2018



– 1900 –



– STUDENTMÅLLAGET I OSLO –

SAK 1 Opning

Kva gjeld saka

Godkjenning av innkalling. Vedtak på sakliste. Val av ordstyrar og møteskrivar. Val av folk til å skriva under møteboka.

Saksutgreiing

Val av ombod:

Ordstyrar: Sindre Seim Gulbrandsen

Møteskrivar: Chiona Chirico

To personar til å skrive under møteboka: Kine Gjertrud Svori og Karl Peder Mork

Framlegg til sakliste:

SAK 1 Opning

SAK 2 Halvårsmelding

SAK 3 Vitrinar

SAK 4 Økonomi

SAK 5 Arbeidsplan

SAK 6 Val (supplering til styre)

Framlegg til vedtak

- (1) Møtet godkjende innkallinga.
- (2) Møtet vedtok saklista slik ho låg føre.
- (3) Møtet gjorde slike vedtak i val av ombod: Sindre Seim Gulbrandsen vart vald til ordstyrar. Chiona Chirico vart vald til møteskrivar. Kine Gjertrud Svori og Karl Peder Mork vart valde til å skriva under møteboka.



SAK 2 Halvårsmelding

Kva gjeld saka

Møtet handsamar halvårsmelding frå styret.

Saksutgreiing

Halvårsmeldinga ligg ved dette sakspapiret.

Framlegg til vedtak

- (1) Møtet godkjende halvårsmeldinga



Halvårsmelding for Studentmållaget i Oslo – Våren 2018

Studentmållaget i Oslo har hatt som overordna mål for vårsemesteret 2018 å vidareføre dei tradisjonsrike tilskipingane som allereie er etablerte, samt å vera ei politisk og sosial møteplass for nynorskglade studentar i hovudstaden. Styret har hatt jamlege styremøte gjennom vårsemesteret og arrangert fleire sosiale tilskipingar.

Årsmøtet i laget vedtok ein arbeidsplan for vårsemesteret den 25. januar.

Sak og aksjonar

18. januar var fleire SmiO-medlemar med på Norsk Målungdom sin tur til Stortinget. Dei som var med fekk møta tre stortingsrepresentantar og fekk ei omvising rundt i bygget.

SmiO stilte mannsterke opp med 7 utsendingar til landsmøtet i Norsk Målungdom 16.–18 mars i Drammen. Me fekk vedteke ei fråsegn om digitale lærermiddel og gjorde elles ein god figur på møtet.

Tilskipingar

Studentmållaget i Oslo hadde desse tilskipingane vårsemesteret 2018:

Nynorskkurs

Laget skipa til to nynorskkurs denne våren: 17. april ved OsloMet og 18. april ved UiO. Vegard S. Opdahl var kursleiar. Til saman kom om lag 30 studentar i tillegg til dei oppmøtte styrefolka.

Muséetur

SmiO inviterte til ein sundag på Norsk Folkemuseum. 13. mai. To menneske kom, inkludert ein styremedlem. Sjølv om dei to hadde det topp, kunne gjerne fleire ha vore med. Facebook-hending vart laga minst to veker i førevegen.

17. mai-feiring

Tradisjonen tru skipa SmiO til feiring på nasjonaldagen. Dagen starta klokka 9.15 med tale, kranselegging og song på grava til Ivar Aasen på Vår Frelsars gravlund. Stortingsrepresentant, Liv Kari Eskeland heldt tale. Koret Vokal Vivo song mellom innslaga. I tillegg var det allsong. Markeringsa ved grava samla om lag av 100 menneske. På kvelden skipa vi til sosialt samkome på Skrivarstova. Det var god stemning, kviss og åresal. Til saman kom eit 20-tals medlemar.

Sumaravslutning

Sumaren kom brått på for mange, me fekk di verre ikkje skipa til ei sumaravslutning i år.

I tillegg har styrefolk frå SmiO vore til stades på desse tilskipingane:

Stortingstur for NMU-medlemar, 18. januar.

Vinterleir i Norsk Målungdom, Bø i Telemark, 19.–21. januar.

Landsmøte i Norsk Målungdom, Drammen, 16.–18. mars.



Styrefolk som har sete i Landsstyret til Norsk Målungsdom har møtt på desse møta:
Fyrste Landsstyremøte i perioden, Røkleivhytta, 4.–6. mai.
Andre Landsstyremøte i perioden, Skrivarstova 7.–9. september.



SAK 3 Vitringer

Kva gjeld saka
Vitringer frå nemndene i laget.

Saksutgreiing
Vitringer frå Skriftstyret og Skuleboknemnda ligg ved dette sakspapiret.

Framlegg til vedtak
(1) Møtet tok vitringane til vitende.



Vitring frå skriftstyret (Mål og Makt):

Mål og makt, våren 2018

Styret har i perioden sett slik ut:

Marta Valentinsen (Økonomiansvarleg)

Hilde Stokland Rui

Sunniva Marie Hustoft

Geir Tore-Brenne

Aleksander Breiby Herseth

Ingeborg Storesund Nes

Alle bortsett frå Ingeborg har trekt seg før sumaren.

Produksjon

Produksjonen i 2018 har ikkje vore som planlagt. Etter planen skulle vi gi ut eit eksemplar i april, eit i august og eit i desember. Det ser ut til å berre bli eit i desember. Det er sjølv sagt uheldig.

Hovudgrunnane er at vi ikkje fekk inn nok artiklar før påska fordi folk som sa dei skulle skrive ikkje gjorde det. Etter påske hamna dverre Mål og Makt litt i andre rekke for dei fleste i styret, og til sumaren slutta alle bortsett frå ein. Det er inkludert Marta som sto for alt av fiksing og organisering.

Arbeidsplan for hausten 2018:

Vi har nok pengar til å gi ut eit eksemplar, og det blir nok det vi får til ila hausten.

Forslag: å gi ut to eksemplar i året, i staden for tre.

Mål og Makt treng fleire til å vere med i bladstyret, og nokon til å ta over det administrative og økonomiske ansvaret.

Forslag: å prøve å fordele dette ansvaret på fleire enn berre ein, slik som det har vore tidlegare.



ÅRSMELDING FOR SKULEBOKNEMNDI ÅT STUDENTMÅLLAGET I OSLO 2017

Nemndi har i arbeidsbolken hatt slik samansetnad:

Leiar: Birgitta Lim Ersland

Nestleiar: Anders Veberg

Nemndmedlem: Ellisiv Rekdal

Nemndmedlem: Janne Nygård

Nemndmedlem: Solveig Flø Hunnes

Nemndmedlem: Tharaniga Rajah

Varalem: Håvard Tangen (kassastyrar)

Ettersynsmann: Vekst revisjonskontor (fram til oktober 2017).

Medlemene i Skuleboknemndi vert valde kvart år på årsmøtet i Studentmållaget i Oslo. Dei faste medlemene sit i to år, varalemena berre for eitt år. Nemndi vel sjølv på fyrste møtet i arbeidsbolken eigne ombod (leiari, nestleiar og skrivari).

Det har skjedd mykje i Skuleboknemndi dette året. Kort tid etter årsmøtet i Studentmållaget i Oslo måtte ein av medlemene, Tharaniga Rajah, trekkja seg då ho fekk stipend til å skriva ein roman.

Vekst revisjonskontor har ettersett rekneskapen til nemnda dei siste åra, men nye retningsliner frå departementet har gjort at nemnda ikkje lenger er pålagd å ha ettersyn. Avtala med Vekst revisjonskontor vart difor oppsagt på møtet i nemnda 25. oktober 2017.

Fram til sumaren låg Skrivarstova vår i Grensa 8c, fjerde høgda. Nemnda flytte ut i slutten av juni. Etter dette har me vore utan fast kontor, men me har sett på nokre alternative kontorløysingar. I mellomtida nyttar me postadressa til leiaren i nemnda, Birgitta Lim Ersland.

Nemnda var samla til møte 2. mai og 25. oktober 2017. Utanom dette har det vore drøftingar på e-post. Leiari og nestleiar hadde møte med Samlaget om sammidlane 27. april.

To store prosjekt vart ferdige i 2017: 2. utgåva av *Juridisk ordliste* av Asgeir Olden og Sigbjørn Tore Tenfjord vart endeleg ferdigstilt og er no tilgjengeleg som pdf-fil på heimesida vår www.skuleboknemndi.no. I tillegg vart to digitaliseringsprosjekt fullførde: *Tysk-norsk ordbok* av Johan Fredrik Voss er no tilgjengeleg på nett her www.ivaraasen.no/ordbok/ og *Fransk-norsk ordbok* av Ola Raknes er tilgjengeleg her [ivaraasen.no/ordbok/fransknorsk](http://www.ivaraasen.no/ordbok/fransknorsk). Sergej Alexander Munkvold og Ole Kristian Grønneng har lagt ned ein imponerande innsats med å gjennomføra dette ordbokprosjektet.

LØYVING FRÅ KULTURDEPARTEMENTET

Skuleboknemndi fekk for 2017 eit tilskot på kr 153 444 frå Kulturdepartementet. Midlane skal nyttast til tilskot til utgjeving av læretilfang på nynorsk for høgare utdanning. Skuleboknemndi har åleine rådvelde over desse midlane. Sammidlane til utgreiingsarbeid innanfor høgare utdanning og terminologiarbeid vart fastlagde til kr 74 556 for 2017.



LØYVINGAR FOR 2017

Nils Gilje: *Hermeneutikk. Tolking og metodelære* (Det Norske Samlaget) kr 17 500,00

Målgruppa er studentar på master i alle humanistiske og samfunnsvitskaplege fag.

Hermeneutikk handlar om korleis ein skal tolka kulturuttrykk og samfunnsfenomen som tekstar, ritual og handlingar. Studentar får kjennskap til hermeneutikk tidleg i studiet gjennom ex.phil. og ex.fac, men det finst ikkje ei grundig innføring for studentar på masternivå. Boka tek for seg historia til hermeneutikken. Forfattaren har vore professor i filosofi og vitskapsteori ved Institutt for kulturstudium og kunsthistorie ved Universitetet i Bergen og er no knytt til Senter for profesjonsstudium ved Høgskolen i Oslo og Akershus (frå 2018 OsloMet).

Göran Söderlund: *Alt ein lærar treng vite om hjernen* (Det Norske Samlaget) kr 50 000,00

Målgruppa for denne boka er pedagogar og lærarstudentar på barnehagelærarutdanninga, grunnskulelærarutdanninga og den praktisk-pedagogiske utdanninga. Boka viser korleis hjernen, nervesystemet og kjensler heng saman, og viser kvifor hjerneforskning har ein plass i pedagogikken. Boka er meint å gje lærarstudentar betre innsikt og forståing i korleis elevar tileigner seg kunnskap. Forfattaren er utdanna pedagog og arbeider med ADHD-forskning ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal. Det finst ingen liknande bøker på marknaden i dag.

Dag Hundstad (red.): *Historiebok for lærarutdanninga* (Cappelen Damm Akademisk) kr 20 000,00

Boka tek for seg noregshistoria frå steinalder til vår eiga samtid og er meint å vera eit heilskapleg historisk verk for lærarutdanninga. Forfattarane har ei didaktisk tilnærming til stoffet og ser m.a. på korleis tolkingar av historia har forma kulturarven vår. Boka er ei nyutgjeving, og det finst ikkje tilsvarande bøker på marknaden. Boka er redigert av Dag Hundstad frå Høgskulen i Volda, som har fått med seg forfattarane John Ragnar Myking og Svein Ivar Angell frå Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen, og Lise Kvande frå Institutt for lærarutdanning ved NTNU.

Inge Nordhaug: *Kva ser vi, kva gjer vi? Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep* (Fagbokforlaget) kr 56 744,00

Boka tek for seg eit vanskeleg og viktig tema og er meint å gjera det lettare for tilsette i skule og barnehage å identifisera og handtera born som er utsette omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Forfattaren er klinisk sasjonom i barne- og ungdomspsykiatri og har lang røynsle frå feltet. Nordhaug har vore tilsett som spesialkonsulent ved RVTS Vest sidan 2006.

Nina Elizabeth Dalen og Einar Aadland: *Profesjonsetikk for psykologar* (Det Norske Samlaget) kr 15 500,00

Etter den nye forskrifa om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningane vil etikkundervisning verta obligatorisk på profesjonsstudiet i psykologi. Boka tek først for seg etikk generelt før ein går inn i meir spesifikke etiske problemstillinger knytte til fagutøving, både i praksis og på eit overordna samfunnsnivå. Boka inviterer lesaren til kritisk refleksjon, og målet er å styrkja studentane i etisk sensitivitet, refleksjon og moralsk handling. Nina Elisabeth Dalen er psykologspesialist, privatpraktiserande på nevropsykolog.no og tidlegare leiar av Fagetisk råd. Einar Aadland er cand.theol. og dosent emeritus ved VID i Oslo. Aadland har lang røynsle med å undervisa i etikk og har gjeve ut ei rad bøker, artiklar og forskingsrapportar på dette området.



Anne Kari Tolo Heggestad: *Etikk i klinisk sjukepleie* (Det Norske Samlaget) kr 13 700,00

Sjukepleie er eit fagområde med lite pensumlitteratur på nynorsk. Boka gjev ei innføring i etikk for sjukepleiarstudentar som er fagleg relevant og med praktiske døme på typiske etiske utfordringar ein vil kunna møta som sjukepleiar. Forfattaren har valt å konsentrera seg om fire vanlege utfordringar i faget: därleg pleiekultur, bruk av tvang, etiske problemstillingar knytte til prioriteringar, og vanskelege val når livet er slutt. Forfattaren er fyrsteamanuensis ved sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo og Akershus (no OsloMet) og er for tida forskar og postdoktor ved Senter for medisinsk etikk, Universitetet i Oslo.

LØYVINGAR FRÅ SAMMIDLANE 2017

Sammidlane er ein del av løyvinga frå Kulturdepartementet og skal nyttast til utgreiingsarbeid innanfor høgare utdanning og terminologiarbeid i samarbeid mellom Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo og Det Norske Samlaget. I 2017 vart det vedteke å løyva kr 149 500,00 til utviklinga av ein etikkserie for profesjonsutdanningane og metodeserie for helse- og sosialfag. Løyvinga skal nyttast til:

1) Fire samlingar i samband med utvikling av ein etikkserie for profesjonsutdanningane. Serien vil innehalda minst 10 bøker, ei kort, generell grunnbok og minst ni bøker retta mot sjukepleie, psykologi, medisin, barnevern, vernepleie og sosialt arbeid, fysio- og ergoterapi, bioingeniør og radiograf, politi, og to eller fleire bøker for lærarutdanninga. Samlingane kjem til å gå føre seg hjå Det Norske Samlaget i Oslo.

2) To samlingar i samband med tilsvarande modell på metodebøker for helse- og sosialutdanningane. Samlingane kjem til å gå føre seg på Høgskulen på Vestlandet i Bergen.

ØKONOMI

Rekneskapen, som er oppgjord med tanke på å halda fram med drifta, har eit årsresultat på kr 0 etter avsetnader på kr 63 612,30. Eigenmidelen var pr. 31.12.2017 på kr 50 441,87, som òg var eigenmidelen ved førre årsskiftet.

Ved årsskiftet 2017/2018 var det kr 367 849 i ikkje-utreidde sammidlar og prosjektmidlar attåt at det var avsett kr 61 229,00 i sammidlar med Det Norske Samlaget og ein intern avsetnad på kr 62 964,41.

Birgitta Lim Ersland

Janne Nygård

Anders Veberg

Ellisiv Rekdal

Håvard Tangen



Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo, org. nr. 963 060 122

Rekneskapen for 2017

Jamvekti

	2016	Note	2017
Eiga			
Driftskonto	27 043,74		48 665,91
Plasseringskonto	439 147,37		493 818,37
Skuldmennar	-		-
Sum eiga	466 191,11		542 484,28

Skuld og eigenmidel

Skuld:

Kravsmennar	-	-	-
Ikkje-utreidde løyvingar	244 000,00	5	218 349,00
Ikkje-utreidde sammidlar	-		149 500,00
Ikkje brukar sammidlar	136 173,00	4	61 229,00
Internavsetnader - prosjekt	35 576,24	6	62 964,41
Sum skuld	415 749,24		492 042,41

Eigenmidel:

Eigenmidel per 1. januar	90 532,68		50 441,87
Årsresultat	-40 090,81	6	-
Eigenmidel per 31. desember			
	50 441,87		50 441,87
Sum skuld og eigenmidel	466 191,11		542 484,28

Oslo, 31. desember 2017.

Oslo, 4. mai 2018.

Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo

Birgitta Lim Ersland

Janne Nygård

leiar

Anders Veberg

Ellisiv Rekdal

Håvard Tangen

Nestleiar

kassastyrar



SAK 4 Økonomi

Kva gjeld saka
Halvårsrekneskap.

Saksutgreiing
Rekneskapen ligg ved.

Framlegg til vedtak
(1) Møtet tok rekneskapane til vitende.



Rekneskap og budsjett for Studentmållaget i Oslo

	Rek august2018	Bud 2018	Rek 2017	Bud 2017	Rek 2016	Bud 2016	Bud 2015
1 INNKOMER							
1.1 Sal av tilfang	400	300	100	450	910	200	200
1.2 Møte/tilskipingar	965	2 000	2 039	1 000	2 024	500	200
1.3.1 Tilskot frå SiO	-	50 000	-	75 000	56 000	61 000	10 000
1.3.2 Tilskot frå Samlaget	-	-	-	13 500	13 500	13 500	13 500
1.3.3 Tilskot frå NMU	20 773	62 500	204	000	43 740	73 300	30 000
1.3.4 Tilskot, andre		5 000	-	5 000			
1.4 Anna	6 000	2 000	5 807	-	5 550	-	-
1.0 SUM	28 138	121 800	204 149	280 950	121 723	148 500	53 900
2 UTLOGER							
2.1 Lager og kontor	13 654	15 000	13 898	15 000	13 498	21 000	23 000
2.2 Tilfang	-	2 000	16 000	10 000	13 480	25 000	-
2.3 Medlemspengar	-	300	300	1 800	300	1 800	1 800
2.4 Aksjonar	-	1 000	613	4 000	2 049	4 000	4 650
2.5.1 Grautkveld	-	4 000	4 382	3 000	2 790	3 000	3 000
2.5.2 17. mai	5 618	10 000	10 153	8 000	7 837	9 000	8 500
2.5.3 Andre møte/tilskipingar	19 832	25 000	22 864	17 000	11 852	20 000	8 500
2.6 Årsmøte	2 420	5 000	6 185	5 000	4 847	2 500	2 000
2.7 Deltaking møte/kurs	3 394	26 000	15 741	20 000	18 211	10 000	1 500
2.8 Studentsamling i Oslo	-	-	682	000	-	-	-
2.9 Mål og Makt	-	41 625	44 400	44 400	76 000	51 000	49 600
2.10 Bankkostnader	3 872	1 100	1 027	1 000	1 006	1 000	1 500
2.11 Anna	280	500	325	1 000	-	1 000	1 000
2.0 SUM	35 416	131 525	253 570	280 200	151 869	149 300	105 050
3.0 DRIFTSRESULTAT	-7 278	-9 725	-49 421	750	-30 146	-800	-51 150
4 FINANS- OG OMFRAMINNKOMER							
4.1 Renteinnkomer	0	4 000	4 735	5 000	4 867	9 000	12 000
4.2 Omframe innkomer	0	-	-	-	100 860	-	-
4.0 SUM	0	4 000	4 735	5 000	105 727	9 000	12 000
5 FINANS- OG OMFRAMUTLOGER							
5.1 Rentekostnader	0	0	0	0	0	0	0
5.2 Omframe utloger	0	0	0	0	0	0	0
5.0 SUM	0	0	0	0	0	0	0
6.0 RESULTAT	-7 278	-5 725	-44 686	5 750	75 581	8 200	-39 150



SAK 5 Arbeidsprogram

Kva gjeld saka

Arbeidsprogram for hausten 2018.

Saksutgreiing

Styret sitt framlegg til arbeidsprogram for hauktsemesteret ligg ved dette sakspapiret.

Framlegg til vedtak

(1) Møtet vedtok arbeidsplan for hauktsemesteret 2018 slik det låg føre.



Arbeidsprogram for Studentmållaget i Oslo hausten 2018

Overordna arbeidsmål

Studentmållaget i Oslo har som mål denne hausten å vidareføre dei tradisjonsrike tilskipingane som allereie er etablerte, og å vera ein politisk og sosial møteplass for nynorskglade studentar i hovudstaden.

Sak og aksjonar

- SmiO skal markere seg som ein målpolitisk aktør i hovudstaden. Vi skal delta der nynorsk og språk blir diskutert og tilby hjelp og skolering til andre studentorganisasjonar som ynskjer det.

Tilskipingar

- Nynorskkurs på Universitetet i Oslo og OsloMet – storbyuniversitetet
- Grautkveld torsdag 25. oktober
- Studiemøte
- Teatertur til Det norske teatret
- Joleavslutning

Andre mål

- SmiO skal jobbe for at medlemer og styremedlemer skal draga på nasjonale tilskipingar.
- SmiO skal vera synlege på sosiale medium.



SAK 6 Val

Kva gjeld saka

Suppleringar til lagsstyret og skriftstyret.

Saksutgreiing

Innstillingane frå valnemnda kjem til møtet.

Framlegg til vedtak

(1) Årsmøtet vedtar innstillingane slik dei ligg føre.

